

Investeringsbudsjett og finansieringsplan 2018

Det vert vist til vedteke budsjett for Helse Bergen for 2017, handsama i styremøtet 18.12.17.

Det presenterte finansierings- og investeringsbudsjettet i budsjettdokumentet som vart vedteke i desember 2017, synte finansielt grunnlag og planlagt investering som vist i tabellen under.

Tal i mill kr	bud 2017	prog 2017	bud 2018	bud 2019	bud 2020	bud 2021	bud 2022
Budsjettert driftsresultat	160	160	110	180	200	200	200
+ Avskrivning	485	485	530	538	516	513	524
= Kontantstraum frå drifta	645	645	640	718	716	713	724
- Budsjettavvik frå året før	6	6	-60				
+ Meravskrivning året før	5	5					
- Tilføring av likviditet til Helse Vest IKT	-24	-24	-36	-15	-20	-20	-20
+ Opptak av nye lån (Barne og ungd.s.hus)	76	76	320	331	331	352	341
+ Opptak nye lån, Nordås	0	0	0	51	43	43	27
+ Opptak lån HOD, Sentralblokka	90	90	94	93	94		
- Avdrag lån	-72	-72	-115	-115	-115	-131	-137
+ Eksterne tilskot Barne og ungd.s.hus, biobank	110	110	27				
+ Sal av anleggsmiddel	60	0	60				
Finansieringsgrunnlag investeringar	896	836	930	1 063	1 049	958	934
Unytta finansiering føregående år	-225	-225	-92	72	158	135	-7
Disponibel finansiering	670	610	838	1 135	1 207	1 093	928
Budsjetterte investeringar:	790	702	766	977	1 072	1 100	928
Akkumulert avvik mellom finansielt grunnlag og faktisk investering	-119	-92	72	158	135	-7	0

Tabell 1. Finansiering og investering i vedteke budsjett.

Det var i desember lagt grunn ei resultatprognose for driftsrekneskapen i 2017 på kr. 100 mill. og avskrivingskostnad på kr. 485 mill. Endeleg resultatrekneskap 2017 viser eit resultat på kr. 87,7 mill. I resultatet ligg det kr.10,5 mill. i meiravskrivningar, samt tap ved sal av anleggsmiddel på kr. 5,5 mill. Samla gjer dette at finansieringsgrunnlaget i 2018 blir betra med kr. 3,7 mill samanlikna med vedteke investeringsbudsjett i desember 2017.

Mindreforbruk investeringar 2017 i høve til prognose er lagt til i investeringbudsjett for 2018 (45 mill). I tillegg er protosenter lagt til i investeringsbudsjettet og finansieringsgrunnlag i tråd med styresak 24/18 (31 mill). Det er også gjort nødvendige tilpassingar i investeringbudsjettet på andre områder som til dømes ambulansar (4 mill), universell utforming i bygg til Vardesenter (2 mill) og andre mindre justeringar som følgje av omstillingar, sjå tabell 4 for meir spesifisering av endringar.

Det er endringar i investeringsbudsjettet for 2018 med tilhøyrande finansieringsgrunnlag som skal handsamast i denne saka. Vi har likevel valt å vise planen for dei kommande 5 åra og samanhengen mellom tilgjengeleg finansiering og planlagde investeringar.

Eit oppdatert finansieringsgrunnlag er vist i tabellen nedanfor.

Tal i mill kr	resultat 2017	bud 2018	bud 2019	bud 2020	bud 2021	bud 2022
Budsjettert driftsresultat	160	110	180	200	200	200
+ Avskrivning	485	535	538	516	513	524
= Kontantstrøm frå drifta	645	645	718	716	713	724
- Budsjettavvik frå året før	6	-72				
+ Meravskrivning året før	5	11				
+ Tap ved salg av anleggsmidler året før		6				
- Tilføring av likviditet til Helse Vest IKT	-24	-47	-15	-20	-20	-20
+ Opptak av nye lån (Barne og ungd.s.hus)	76	320	331	331	352	341
+ Opptak nye lån, Nordås	0	0	51	43	43	27
+ Opptak lån HOD, Sentralblokk	90	94	93	94		
+ Opptak nye lån, Protonsenter					110	226
- Avdrag lån	-72	-115	-115	-115	-131	-137
- Avdrag lån Protonsenter						-73
- Eigenkapital Protonsenter						
+ Eksterne tilskot Protonsenter		31	60	80	100	97
+ Eksterne tilskot Barne og ungd.s.hus, biobank	110	27				
+ Sal av anleggsmiddel	0	60				
Finansieringsgrunnlag investeringar	836	959	1 123	1 129	1 168	1 184
Unytta finansiering føregående år	-225	-47	68	161	136	-8
Disponibel finansiering	610	912	1 190	1 290	1 304	1 177
Budsjetterte investeringar:	657	845	1 029	1 154	1 312	1 180
Akkumulert avvik mellom finansielt grunnlag og faktisk investering	-47	68	161	136	-8	-3

Tabell 2. Oppdatert finansieringsgrunnlag.

Utkast til revidert investeringsbudsjett er vist i tabell 3

	resultat år 2017	budsjett 2018	budsjett 2019	budsjett 2020	budsjett 2021	budsjett 2022
Disponibel finansiering	610	912	1 190	1 290	1 304	1 177
Investering bygg ekskl. BUS	160	248	221	359	497	355
Investering Barne og ungd.s.hus trinn 1	149	25	0	0	0	0
Investering Barne og ungd.s.hus trinn 2	106	294	545	555	555	565
Investering MTU	144	169	154	130	150	150
Investering teknisk anlegg / infrastruktur	39	38	45	50	50	50
Investering avdelingsvise	24	23	21	21	21	21
Investering anna	35	48	43	39	39	39
Sum investeringar	657	845	1 029	1 154	1 312	1 180
Akkumulert avvik mellom finansielt grunnlag og planlagt investering	-47	68	161	136	-8	-3

Tabell 3. Oppdatert investeringsbudsjett 2018

Faktiske investeringar i 2017 vart lågare enn prognose gitt i styresaka i desember. Dette er knytt til både lågare kostnad og til forskyving mellom år som ikkje gir endra totalkostnad for prosjekta. Arealdelen i Utviklingsplanen vil påverke og gje justeringar frå 2019 og påfølgjande år. Tabellen nedanfor viser detaljerte planar for investeringar for vedtatt investeringsbudsjett for 2018, handsama i styremøtet 18.12.17, samt revidert investeringsbudsjett for 2018.

Tal i mill kr	Vedtatt budsjett for 2018 (i styremøte 18.12.17)	Budsjett				
		2018	2019	2020	2021	2022
Barne- og ungd.psyk. trinn 1	20	25	-	-	-	-
Barne- og ungd.psyk. trinn 2	295	294	545	555	555	565
Mottaksklinikk	10	15	-	10	10	-
Traumesenter/Brannskadeintensiv	3	3	12	40	25	-
Poliklinikkavdeling i Sentralblokka	5	5	46	83	-	-
Sengeetasjene Sentralblokka				-	-	-
Marie Joys' hus	-	-	-			-
Andre endringar Sentralblokken	9	9	11		-	-
Nordås	4	4	10	50	80	38
Øyebygget/KK	-	-	-	5	20	5
Nevrosenter	-	-	20	60	100	10
Proton (Konseptutvikling)	2	31	60	80	210	250
KiH	-	-	10	10	25	25
Utvikling Voss (føreset samla plan)	4	4	9	-	-	-
Molbakken	30	30	-	-	-	-
Utvikling Rus/Floen	2	2	3	3	3	3
Desinfeksjonshall Sterilsentral	6	6	23	-	-	-
Rokering IKT-Undervisningsbygg/Biku	-	-	-	-	-	-
Ex-vivolab (Lab-bygget)	19	22	-	-	-	-
Biobank (underetasjen Marie Joys)	-	25	-	-	-	-
Mindre ombygging somatikk mm	40	40	15	15	20	20
Mindre ombygging psykiatri	2	2	2	3	4	4
Ibsens gate 118	6	8				
Andre mindre bygginvesteringar	40	43	-	-	-	-
SUM Bygg	496	567	766	914	1 052	920
MTU	165	169	154	130	150	150
SUM MTU	165	169	154	130	150	150
Anna						
IKT	15	6	5	5	5	5
Ambulansar	9	13	13	11	11	11
Teknisk anlegg og infrastruktur	37	38	45	50	50	50
Avdelingsvise mindre investeringar	21	23	21	21	21	21
Seksjon for behandlingshjelpemidlar	9	9	9	9	9	9
Diverse	16	20	16	14	14	14
SUM anna	106	109	109	110	110	110
SUM investeringar	766	845	1 029	1 154	1 312	1 180

Tabell 4: Spesifisering av investeringar

Det er viktig at ein i investeringsplanen har tilstrekkeleg handlingsrom i høve til å kunne justere tidsplan for einskildprosjekt dersom det viser seg nødvendig. Det blir gjort framlegg om at styret vedtek det framlagte forslaget som investeringsbudsjett for 2018.

I styremøtet i mai blir det lagt fram eiga sak om langtidsbudsjett for perioden 2019-2023. I denne saka blir investeringsbudsjettet revidert og gjennomgått på nytt.

Likviditetsbudsjett 2018

Som følge av endeleg rekneskap for 2017 samt forskyving av investeringar mellom 2017 og 2018 er det utarbeidd oppdatert likviditetsbudsjett for 2018. Budsjettert driftsresultat på kr. 110 mill og investeringar på kr. 845 mill vil gje følgjande akkumulert endring i likviditeten i 2018:

Kontantstrømoppstilling 2018

Kontantstrømoppstilling	SUM
KONTANTSTRÅUMAR FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR	
Resultat	110 000
Ordinære avskrivningar	535 184
Forskjell kostnadsført pensjon inn-/utbetalingar	-125 100
Inntektsført investeringstilskot	-40 000
Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar	480 084
KONTANTSTRÅUMAR FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR	
Innbetaling ved sal av varige driftsmiddel	60 000
Utbetaling ved kjøp av varige driftsmiddel	-845 000
Utbetaling ved utlån (langsiktige fordringar)	-40 000
Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	-825 000
KONTANTSTRÅUMAR FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR	
Innbetaling ved opptak av ny langsiktig gjeld	414 456
Utbetalingar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-115 000
Endring driftskreditt (ved negativ saldo på konsernkonto - bank)	0
Innbetaling av investeringstilskot	0
Endring andre langsiktige forpliktingar	12 000
Endring føretakskapital med kontanteffekt	0
Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar	311 456
Netto endring i likviditet	-33 460

Tabell 4. Kontantstrømoppstilling 2018

Haukeland universitetssjukehus har frå 01.01.2018 ein godkjend trekkrett i banken på kr. 176,5 mill. Aktuell prognose syner at driftskreditten vil stå ubrukt ved utgangen av 2018.